



KYSTVERKET

INGENIØR JOSTEIN BØ  
Kråkvika 33  
6390 VESTNES

Vår ref  
2022/1286-3

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Børre Tennfjord

Dato  
19.04.2022

## **Uttale til varsel om oppstart av forslag til detaljregulering for næringsområde BN10 - Sessneset og Daugstad - Vestnes kommune - Møre og Romsdal fylke.**

Vi syner til brev av 09.03.22 vedkomande varsel om oppstart av arbeid med detaljregulering for næringsområde BN10 Sessneset i Vestnes kommune.

Formålet med planen er å legge til rette for oppdrett av anadrom fisk på land, som ei utviding av eksisterande anlegg i området, samt at reguleringsarbeidet også skulle omfatte skuleområdet, som i kommuneplanprosessen var meint å skulle visast som eksisterande næringsområde, men som i dagens plan står utan planstatus.

### **1. Grunnlaget for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet**

Kystverket er ein nasjonal etat for kystforvaltning, sjøsikkerheit og beredskap mot akutt forureining. Kystverket tek ansvar for sjøvegen og produserar viktige fellesgoder for samfunnet. Det overordna målet for den nasjonale transportpolitikken er eit transportsystem som er sikkert, fremjar verdiskaping og medverkar til omstilling til lavutslippsamfunnet. Vidare er det eit nasjonalt mål å flytte godstransport frå veg til sjø. Kystverket har fått i oppgåve å bidra til å utvikle eit heilskapleg transportsystem.

Eit velfungerande sjøtransportsystem samansett av farleier, hamner og hamneterminalar er svært viktig for næringsutvikling og busetnad langs kysten, for at norske bedrifter kan inngå i komplekse og globale handels- og produksjonssystem, i tillegg til at personar skal kome seg mellom heimstad og arbeidsplass.


Kystverket har rettleiing og informasjon om vår rolle i arealplanlegginga på nettsidene våre. Her finn ein også styrande dokument som ligg til grunn for vår medverknad i planlegging etter plan- og bygningsloven.

Planarbeidet i Vestnes kommune røyver ved Kystverket sitt saksfelt og vi har då rett og plikt til å delta i planlegginga, jf. plan- og bygningsloven sin § 3-2 tredje ledd.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242  
Bankgiro: 7694 05 06766



## 2. Innspel til planen

Planområdet ligg på Daugstad i Vestnes kommune og omfattar heile eller delar av følgjande eigedomar: Gnr. 5, bnr. 5, 8, 12, 99, 114, 115, 117 og 517 og gnr. 6, bnr. 1, 5, 15. Det vil seie arealet mellom Fv 5981 og sjøen nord for Sesselva og så langt bnr. 117 går og i tillegg alt areal som i si tid var omfatta av tidlegare reguleringsplan for Daugstad skule.

Ny plan skal gje reglar og føringar for korleis områda skal utnyttast, plassering av bygningar og byggehøgder (produksjonsbygningar, reinseanlegg og administrative lokale, plassering av naust/erstatningsnaust), utforming og plassering av avkøyrsløse frå fylkesvegen, kvar det kan fyllast og/eller pelast i sjøen. Målsetjinga med ny reguleringsplan er i hovudsak i samsvar med kommuneplanens arealdel frå 2015, å legge til rette for næring.

Det vil bli tatt med ein buffersone mot Sesselva. Denne vil måtte vere tilpassa dei flaumvurderingane i elva som vil bli gjort.

Det er viktig at det ikkje vert planlagt for tiltak som avgrensar sikker og effektiv ferdsel for sjøtrafikken.

### 2.1. Konsekvensutgreiing

Plan- og bygningsloven sin § 4-1 første ledd, set rammer for kva planar som skal ha planprogram og § 4-2 andre ledd, set rammene for kva planar som skal ha konsekvensutgreiing. Etablering av tiltak i eller nær sjø kan få verknad for trygginga av og framkome i farvatnet og skal difor vere del av utgreiingsarbeidet. Gjennom planmedverknaden vil vurderinga om planforslaget medfører vesentlege konsekvensar eller verknader i farvatnet, strandsona eller hamnene, vere sentralt for Kystverket. Vi ønskjer difor å minne om at det for område i sjø vil vere bestemte krav om konsekvensutgreiing knytt til nye arealformål heimla i pbl. § 11-7 nr. 2 og 6.

Kystverket registrerar planstyresmakta si avgjersle om at planen ikkje løyser ut krav til konsekvensutgreiing og har ikkje kommentarar til dette.

### 2.2. ROS-analyse – arealplanar som ikkje krev konsekvensutgreiing

Det følgjer av pbl sin § 4-3 om samfunnstryggleik, risiko- og sårbarheitsanalyse at:

*Analysen skal syne alle risiko- og sårbarheitstilhøve som kan vere viktig for om arealet er eigna til utbyggingsformål og eventuelle endringar i slike tilhøve som følgje av planlagt utbygging.*

Ein må i ein ROS-analyse syne kva planlagd arealbruk vil ha å seie for omgjevnadane, men og på kva måte omgjevnadane kan påverke den tiltenkte arealbruken i planområdet.

### 2.3. Etablering av bustadar og annan støyømfintleg busetnad ved hamn/ industriverksemd

Hamne- og kaidrift fører med seg ulike typar støy gjennom døgret. Kystverket har erfart at støy frå hamne- og industriverksemd er ein utfordring for nærliggande områder med støyømfintleg busetnad. Kystverket føreset at det vidare planarbeidet tek omsyn til slike tilhøve og greier ut om det skapar konflikter for dei ulike etableringsønskja. Bustadar må planleggjast i god avstand til industriområdet, slik at det ikkje oppstår konflikt knytt til støy, driftstid mm.

Effektiv hamneverksemd er avhengig av ein rekke faktorar, m.a. arealtilgong, tilknyting til overordna infrastruktur og kontinuerleg drift (24/7). God og effektiv tilførsleveg til hamnene må sikrast i det vidare planarbeidet slik at hamnene sin funksjon som logistikk-knutepunkt og som attraktivt areal for nærings- og hamneverksemd vert ivareteken.

#### **2.4. Etablering av akvakulturanlegg på land**

Akvakulturanlegg på land har behov for å legge leidningar i sjøen for inntak av sjøvatn. Dersom det er kai i nærleiken, kan dette kome i konflikt med bruk av anker for å styre eller bremse fartøy. Leidningar bør heller ikkje ligge i områder der det er planlagt farvasstiltak.

Kystverket si vurdering er at kommunen i planprosessen bør sjå til at aktuell trasé for leidningar til anlegget ikkje kjem i konflikt med sjøverts ferdsel eller annan bruk av farvatnet.

Med helsing

Jan Morten Hansen  
avdelingsleiar

Børre Tennfjord  
sjefingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Eksterne kopimottakarar:

Vestnes kommune	Brugata 10	6390	VESTNES
Statsforvaltaren i Møre og Romsdal	Postboks 2520	6404	MOLDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Postboks 2500	6404	MOLDE
Fiskeridirektoratet Region Midt	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat Region Vest	Postboks 5091 Maj.stu	0301	OSLO
Statens Vegvesen Transport Midt	Postboks 8142 Dep.	0033	OSLO